

# Regionalplan for Sogn 2021-2024



**SOGN REGIONRÅD**

Framlegg 11.12.2020

## Innhald

1	Innleiing .....	3
1.1	Sogn regionråd .....	3
1.2	Organisering .....	3
1.3	Forankring og innhald i regionalplanen.....	3
1.4	Planar i Sogn regionråd .....	4
1.5	Planprosessen.....	4
2	Utviklingstrekk for regionen.....	5
2.1	Folketalsutvikling.....	5
2.2	Folketalsframskriving .....	6
2.3	Sysselsetjing.....	7
2.4	Attraktivitet og strukturelle forhold.....	7
3	Verdiar, visjon og hovudmål.....	8
4	Satsingsområde .....	9
4.1	Attraktiv buregion .....	10
4.2	Kompetanse.....	12
4.3	Næringsutvikling.....	13
4.4	Samferdsle.....	16

# 1 Innleiing

## 1.1 Sogn regionråd

Sogn regionråd har over fleire år utvikla ein plan for det regionale samarbeidet. Regionalplanen for Sogn inneheld mål, strategiar og felles satsingsområde som kommunane vil samarbeide om dei neste fire åra.

Regionrådet er eit samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Samarbeidet er organisert etter § 27<sup>1</sup> i kommunelova. Styret er samansett av ordførarane i eigarkommunane.

Føremålet med Sogn regionråd er å vere ein felles arena med fokus på å sikra og vidareutvikle rammevilkåra for busetnad og næringsliv i regionen. Rådet skal også fungere som base for definerte prosjekt og vidare ha som mål å samordne og forenkle oppgåver for eigarane.

Rådet er ein felles utviklingsaktør for dei sju kommunane og skal vera ein aktiv pådrivar for å få gjennomslag hos styresmakter i saker som er særleg viktig for regionen.

## 1.2 Organisering

**Politiske arbeidsgrupper:** Rådet kan etablera politiske arbeidsgrupper for å styrke det politiske påverknadsarbeidet. Arbeidsgruppene tek initiativ til tiltak og prosjekt som støttar opp om og utviklar regionen, gjev tilråding til regionrådet og påverkar avgjerdestakarar i retning av avgjerder for å betra tilbodet i regionen vår.

**Rådmannsgruppa:** Rådmannsgruppa i Sogn regionråd utviklar samarbeidet om kommunal forvaltning og tenesteproduksjon i regionen. Samarbeidet er ikkje eit organ i høve lovverket. Rådmennene kan få oppdrag frå Sogn regionråd.

**Næringsnettverket:** Nettverket er samansett av næringssjefar og daglege leiarar i næringssselskapa i regionen og har følgjande mandat:

- Vera ein arena for utveksling av erfaring og informasjon
- Utvikla kunnskap og kompetanse innanfor fagområde
- Vera ein lærings- og utviklingsarena
- Initiera prosjekt innanfor fagområdet
- Samhandla med andre eksterne aktørar

Prosjekt initiert av nettverket og som krev ressursar, skal leggjast fram for Sogn regionråd for godkjenning. Større prosjekt bør finansierast av eksterne midlar. Regionrådet kan gje oppdrag til næringsnettverket gjennom rådet sin handlingsplan. Nettverket rapporterer årleg om sin aktivitet og planar til rådet.

## 1.3 Forankring og innhald i regionalplanen

Regionalplanen er eit styringsdokument for regionrådet sitt arbeid til 2024 og eit verktøy for rådet sitt arbeid med å utvikla regionen. Det bør vera ein samanheng mellom regionrådet sin plan og kommunane sine planar (som samfunnsdel av kommuneplan og næringsplan). I planprosessen har samanhengen vore drøfta og planane har vore grunnlag for å vurdere kva satsingar som bør prioriterast i regionalplanen. Samfunnsdelen av kommuneplan og næringsplanar varierer med omsyn til mål og strategiar. Kommunane har også eit ansvar for å skapa ein samanheng mellom regionalplanen og eigne planar.

---

<sup>1</sup> Rådet tek stilling til omdanning i samsvar med ny kommunelov.

Telemarkforskning har utarbeidd ein regional analyse for Sogn<sup>2</sup>. Analysen inneheld deira attraktivitetsmodell, scenario og næringslivsindeks. Kunnskapen som analysen gir, har vi teke med i arbeidet med denne planen.


Regionalplanen har fram til 2020 vore grunnlag for ein partnerskap med fylkeskommunen om gjennomføring og finansiering av regionale utviklingsprosjekt. Regionråda i Vestland ønskjer å medverka aktivt med å sikre samfunnsutvikling på Vestlandet gjennom tett samarbeid med fylkeskommunen og andre regionale aktørar. Vestland fylkeskommune vil vurdere nye partnerskapsavtaler med regionråda i løpet av 2021.

## 1.4 Planar i Sogn regionråd

Regionalplanen er todelt med ein strategidel og ein handlingsdel. Strategidelen inneheld mål, strategiar og satsingsområde for 2021-24. Handlingsplanen konkretiserer strategiplanen og blir rullert kvart år.

Sogn regionråd har vedteke ein samferdsleplan for 2020-2023 som inneheld mål, overordna rammer, milepælar og prioriterte samferdsletiltak. Handlingsplanen for samferdsle blir rullert kvart år.

Det er utarbeidd ein overordna programplan for programmet for barnehage- og skuleutvikling *System for styrka læring 2013-2021*. Handlingsplanen blir rullert kvart år. Arbeidet med ny programplan starta hausten 2020.



## 1.5 Planprosessen

Regionalplanen har fokus på det regionale perspektivet og felles satsingar, og skisserer dei viktigaste områda som kommunane vil samarbeida om og løysa i lag i perioden. Planen blir laga kvart fjerde år. Kommunane har ulike behov og utfordringar og skal samle seg om felles mål og satsingsområde. Vi har derfor involvert kommunane gjennom felles formannskapsmøte og kommunevise møte. Planen vil bli sendt på høyring til kommunane for politisk handsaming og til eksterne for innspel før rådet vedtek planen.

<sup>2</sup> <https://regionalanalyse.no/rapport>

Framdriftsplan for planprosessen:

Periode/ tidsfrist	Aktivitet
14. juni 2019	Sogn regionråd handsamar evaluering av regionalplan 2017-2020
28. februar 2020	Sogn regionråd godkjenner framdrifts- og prosessplan for ny regionalplan, set av midlar til regional analyse for Sogn og arbeidet med regionalplanen
Juni-august 2020	Kvart formannskap drøftar utfordringar og moglegheiter i forkant av fellesmøte
4. september 2020	Felles møtedag med formannskapa, rådmenn, næringsansvarlege, samarbeidspartar og eksterne aktørar. Innleiingar og gruppearbeid.
21. september-28. oktober	Kommunevise møte for innspel til satsingar i regionalplan i høve kommuneplanar/næringsplanar
30. oktober 2020	Sogn regionråd drøftar og gir innspel til regionalplan (mål, strategiar og satsingsområde)
Oktober-november 2020	Oppsummering, formulera mål og kategorisera innspela som grunnlag for strategiar og satsingsområde. Gjere klar planframlegg.
11. desember 2020	Sogn regionråd vedtek å senda planframlegget (strategidelen) på høyring til kommunane og eksterne. Høyringsfrist 1.2.2021.
Januar 2021	Planframlegget (strategidelen) blir handsama i kommunane
Februar 2021	Sogn regionråd vedtek <ul style="list-style-type: none"><li>- regionalplan 2021-2024 (strategidel)</li><li>- handlingsplan 2021</li></ul>

## 2 Utviklingstrekk for regionen


### 2.1 Folketalsutvikling

Regionen har om lag 33 000 innbyggjarar, med Aurland som den minste kommunen (ca 1770) og Sogndal som regionsenter og den største kommunen (ca 12000).


Sogn hadde vekst i folketalet frå 2007 til 2017, deretter har det vore nedgang. Telemarksforsking sin regionale analyse viser at nettoflyttinga har blitt meir sentraliserande, medan fødselsoverskotet ikkje har endra seg mykje. Sogn hadde folketalesvekst på 2,5 prosent siste ti-årsperioden. Veksten er resultat av nettoinnflytting, inkludert innvandring (regionalanalyse.no, november 2020). Nettoinnvandringa var høgast i distrikta i 2017 og 2018. Sognregionen hadde høgare innvandring enn landet mellom 2014 og 2018.

Det er store variasjonar mellom kommunane. Sogndal har klart hatt den største veksten i denne perioden. Aurland har hatt nesten like høg innflytting som Sogndal. Luster har også hatt folketalesvekst. Høyanger, Lærdal, Vik og Årdal har hatt nedgang i folketalet. I desse kommunane har fødsels- og flyttebalansen vore negativ.

I perioden 2010-2019 var det folketalesvekst i Sogn. Figur 1 og 2 viser veksten splitta opp i fødselsoverskot og nettoflytting for Sogn og for kommunane.




Figur 1 Folketalsvekst i Sogn og samanlikningsstadar



Figur 2 Folketalsvekst i kommunane

## 2.2 Folketalsframskriving


Telemarksforsking viser i sin analyse at med høg attraktivitet vil folketalet stå omtrent stille. SSB si framskriving viser nedgang i folketalet til 2025 og deretter ein svak vekst. Dette viser at det er stor risiko for nedgang i folketalet i regionen.



Figur 3 Scenario for folketalsvekst (Telemarksforsking, 2020)

## 2.3 Sysselsetjing

Sogn har ein stor del av arbeidsplassar i bransjar som prosessindustri, el-produksjon, landbruk, anna industri, offentlege arbeidsplassar og overnatting. Næringslivet har blitt meir spesialisert. Sogn har høgast næringsattraktivitet av regionane i Vestland dei siste ti åra (Telemarksforsking, 2020)



Figur 4 Scenario for arbeidsplassvekst (Telemarksforsking, 2020)

Framtidsutsiktene for arbeidsplassutviklinga viser stor usikkerheit. Med fortsatt høg næringsattraktivitet kan det bli vekst. Med middels eller låg næringsattraktivitet blir det nedgang i tal arbeidsplassar i regionen.

## 2.4 Attraktivitet og strukturelle forhold

Telemarksforsking har utvikla attraktivitetsmodell for å forstå og analysere samfunnsutviklinga på regionalt nivå. Attraktivitet er tiltrekkingskrafta staden har for bedrifter, besøkande og busetjing utover det som kan forventast ut frå strukturelle forhold. Strukturelle drivkrefter påverkar utviklinga i Sogn, men som staden i liten grad kan påverke sjølv.



Figur 5. Attraktivitetspyramiden frå Telemarksforsking viser at stader kan vera attraktive på tre måtar. Attraktivitet er stadsspesifikke forhold som påverkar veksten.

Telemarksforsking framhevar at attraktivitet blir skapt gjennom endringar. Stader som ønskjer å vera attraktive må ha ein kontinuerleg prosess der ein stadig endrar, forbetrar og skaper nye stadkvalitetar. Attraktivitet blir skapt ved at det offentlege, næringslivet, frivillige og befolkning samarbeider.

Regionen hatt ekstra vekst på 370 arbeidsplassar og ekstra innflytting på 290 innbyggjarar dei siste ti åra. Telemarksforsking meiner at Sogn har vore ein attraktiv region for både næringsliv og busetjing, men må bli endå meir attraktiv for å skape vekst<sup>3</sup>. Utsiktene for framtida er at det blir vanskeleg å skape vekst i tal innbyggjarar og arbeidsplassar i regionen.

### 3 Verdier, visjon og hovudmål

Det regionale samarbeidet baserer seg på eit sett verdier. Desse haldningane skal prega samarbeidet mellom kommunane i Sogn og vårt samarbeid med andre:

#### **Verdier**

Driftig – raus – ekte

Visjonen skal synleggjere at kommunane står saman for at Sogn skal vera ein sterk region. Målet får fram at vår region skal vera ein god stad å bu, besøke og drive næringsverksemd i.

#### **Visjon**

«Saman gjer vi Sogn til ein attraktiv og livskraftig region»

#### **Mål**

Vi skal vera ein pådrivar for å gjera Sogn attraktiv for innbyggjarar, næringsliv og besøkande.

---

<sup>3</sup><https://www.sogn.regionraad.no/getfile.php/4734248.1687.skpbs77luikut7/Telemarksforsking+Knut+Vareide.pdf>




## 4 Satsingsområde

For å sikre gjennomføring må planen vera spissa og ikkje ha for mange satsingsområde. Regionalplanen har fokus på område som sterkast bidreg til å nå føremålet til Sogn regionråd, som regionrådet har virkemiddel på og som rådet kan påverka.

Basert på utviklingstrekk, analysar, nasjonale og fylkeskommunale føringar, innspel frå fellesmøte, diskusjonar i kommunane og regionrådet har vi prioritert følgjande fire område for Sogn regionråd sitt arbeid:

Attraktiv buregion, kompetanse, næringsutvikling og samferdsle. Under desse områda er det prioritert ti satsingsområde slik figuren viser.



Figur 6 Tema, pilarar og dei ti satsingsområda i regionalplanen.

Dei tre pilarane berekraft, påverknadsarbeid og samarbeid støttar opp om tema og satsingsområde:

### Berekraft

Regionalplanen skal medverka til ei berekraftig samfunnsutvikling. FN's berekraftmål ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng. Ei berekraftig utvikling møter dagens behov samstundes som vi tek vare på komande generasjonar sine moglegheiter for å dekkja deira behov. Regionrådet skal i arbeidet bidra til at Sogn vert ein berekraftig region.



Figur 7sik FN's 17 berekraftsmål

### Påverknadsarbeid

Sogn regionråd vil drive påverknadsarbeid for å sikra regionen sine interesser nasjonalt og regionalt. Når kommunane står samla om viktige prioriteringar får vi større gjennomslagskraft. Vi må ruste oss for å møte endringane og sikra at vi byggjer arbeidskapasitet til politisk påverknadsarbeid. Å vera ein aktiv pådrivar og at rådet tek rolla som talsorgan i høve styresmaktene er avgjerande for lukkast med å nå måla i regionalplanen.

### Samarbeid

Nye strukturar gjer at vi treng sterke kommuneregionar der samarbeid vil spele ei større rolle. Regionråda ser ut til å få ei meir omfattande rolle etter kommune- og regionreforma. Det politiske samarbeidet mellom kommunane og felles samkøyring blir såleis enno viktigare framover.

Sogn regionråd vil samarbeide og byggje strategiske alliansar der vi frontar viktige saker ilag med andre. Samarbeidet vil retta seg mot naboregionar, næringsliv, organisasjonar og andre sentrale aktørar for å styrke Sogn sine interesser og fremje regional utvikling.

Fagleg og administrativt samarbeider kommunane gjennom deltaking i utviklingsarbeid, prosjekt og regionale fagnettverk.

## 4.1 Attraktiv buregion

Attraktivitet blir skapt av at ein stad betrar noko eller skaper noko nytt, og handlar om det regionen sjølv kan endra og utvikla. Kva som verkar, vil variera frå stad til stad. Utfordringa blir å finne kva som skal til for vår region. Det er likevel eitt sett med faktorar som er kjende og som ein veit er viktige. Arbeid er den viktigaste årsaka til at folk kjem til ein stad, men god bustadpolitikk, tilrettelegging av ulike typar møteplassar og fritidsliv har også stor betydning. I tillegg har dei frivillige laga og organisasjonane ei viktig rolle i inkluderingsarbeidet (Distriktssenteret).

Omdømme er summen av oppfatningane som ulike grupper har av regionen. Vi «eig» merkevara vår, medan omgjevnaden «eig» omdømmet. Om vi har eit godt og realistisk omdømme vil vi stå betre rusta i kampen om ressursar, menneske og arbeidsplassar. Den beste garantien for å skape eit positivt omdømme er stolte og fornøgde innbyggjarar, næringsdrivande og tilreisande.

Om vi greier å skapa eit positivt bilete av Sogn i andre sine auge og gjera vår region kjent utover Sogn, vil dette påverka forståinga innbyggjarane har av regionen og eigen identitet. Samstundes skjer ein motsett prosess, der den styrka felles identiteten kan medverka til å forsterka og synleggjera omdømme.

#### **Delmål**

Sogn skal vera ein attraktiv buregion og skal lukkast med rekruttering til regionen.

Felles profilering og merkevarebygging for å løfta fram kvalitetane i regionen.

Sikre verdiskaping og meir vekst gjennom auka sysselsetjing og bulyst blant innvandrara.



### Profilering og rekruttering

Sogn har samla ein variert arbeidsmarknad, og i åra som kjem vil det vera ein kamp for å sikra seg dei beste hovuda. Å arbeida for å profilera Sogn som ein god plass å bu, arbeida og driva næring vil vera viktig for sikra rett arbeidskraft i regionen.

Dei ulike kvalitetane vi har i regionen, vil vi spele på og slik styrke arbeidet med sysselsetjing, tilflytting, næringsutvikling og reiseliv. Regionen har mykje bra å tilby, men desse kvalitetane er ikkje godt nok kjende. Merkevare er beskrivinga av kven vi er og kva vi står for. Private og offentlege verksemder i regionen peiker på felles merkevare og profilering som viktig felt som kommunane kan vera med å løysa som del av vertskapsrolla. Gjennom å utvikla ein felles profil og merkevare får næringsliv, kommunar og andre eit verktøy som kan brukast i profilering og merkevarebygginga.

#### **Strategiar**

Vidareutvikla omdømme og bulyst i regionen, og formidla dei gode historiene.

Medverka i arbeidet med felles profilering og merkevarebygging for Sogn som bu- og arbeidsmarknadsregion der fortrinna på dei ulike stadene blir synlege i rekrutteringsarbeidet.

### Stadutvikling

Kommunane i Sogn har dei siste åra samarbeidd om felles strategiar for bustadutvikling. Eit av tema som vart løfta er at framtidens bustadformer fordrar til grep som fremmer folkehelse og meir berekraftige løysingar. Forventningar om kva som gjer ein stad attraktiv er endra. Fleire ønskjer ein urban livsstil. Stadutvikling handlar om tilrettelegging og fysisk utforming av lokalsamfunnet. Kvalitet, nærleik og tilgjengelegheit er viktig i dette arbeidet. Heilskapleg og samordna planlegging kan vera vanskeleg å få til. Eit regionalt samarbeid kan gje kommunane kunnskap og verktøy til eige utviklingsarbeid. Kommunane bør vera aktivt deltakande i dette utviklingsarbeidet, og gode prosessar vil involvera næringsliv, frivillige organisasjonar (Distriktssenteret).

#### **Strategi**

Medverka til kunnskapsutvikling og samarbeid om stadutvikling.

## Integrering og inkludering

1 av 10 innbyggjarar i Sogn innvandrar. Regionen er siste åra gått frå å vera eit relativt homogent samfunn til eit fleirkulturelt samfunn med stort mangfald. God inkludering kan medverka til at vi klarer å behalda dei som kjem til vår region. Innvandrarar representerer ein viktig ressurs for sterke vekstbedrifter og gode lokalsamfunn. Kommunane i Sogn satsar heilskapleg på integrering av innvandrarar. Gjennom prosjektet *Sogn for alle* ønskjer vi å bli betre på å nytta moglegheitene som innvandringa bringer med seg. Målet med prosjektet er å sikre verdiskaping og vekst gjennom auka sysselsetjing og bulyst blant innvandrarar. Ei vellukka integrering vil krevje innsats og samhandling frå offentleg, privat og frivillig sektor. Vestland fylkeskommune bidreg med midlar til det fireårige prosjektet.

### Strategi

Gjennomføra det regionale prosjektet *Sogn for alle – integrering og inkludering* av innvandrarar.

## 4.2 Kompetanse

### Delmål

Sogn skal ha eit attraktivt skule- og utdanningstilbod som styrkar samfunnsutviklinga og sikrar verksemdene sine behov.

Auka læringsutbytte for alle, gjennom styrka tilpassa opplæring og redusert bruk av spesialundervisning.



### Fagkompetanse til verksemdene

Det er viktig at verksemdene i regionen har tilgang på nødvendig fagkompetanse innan vidaregåande opplæring og høgskuleutdanning.

Kompetanseforum Vestland er eit overordna styringsorgan for arbeidet med kompetanseutvikling i arbeidslivet og dimensjoneringa av utdanningstilboda. Målet for arbeidet er at utdanningsinstitusjonane i større grad skal utvikla sine tilbod etter behova i arbeidslivet. Samarbeidsmodellen involverer utdanningsinstitusjonar, næringsliv og offentlege aktørar. Dei regionale samarbeidsarenaene skal ha oversikt over arbeids- og utdanningsmarknaden og fange opp lokal kompetansebehov. Regionråda medverkar i arbeidet gjennom deltaking og koordineringsarbeid i regional samarbeidsarena.

#### A. Vidaregåande opplæring

Tilgang på fagutdanna arbeidskraft er avgjerande for arbeids- og næringsliv i regionen.

Regionen har vidaregåande skular i Høyanger, Sogndal og Årdal. Sogn Jord- og hagebruksskule i Aurland er landslinje og har elevar frå heile landet. Sygna vidaregåande skule er ein kristen friskule i Balestrand.

Regionrådet er oppteken av at skulane må liggja der folk bur og tett på det lokale næringslivet, og at ungdommane har moglegheit til å velje utdanning etter interesser og ønske. Dei vidaregåande skulane er viktige for samfunna der dei er lokaliserte. Aktiviteten gir ringverknader i skulen sitt omland utover det å være ein utdanningsinstitusjon. Kommunane får tilgang på personale med høg kompetanse som kan nyttast til kunnskaps- og kompetanseheving for lokalt og regionalt arbeids- og næringsliv.

Kvar haust er det om lag 200 ungdommar som har behov for læreplass i Sogn. Sogn regionråd har inngått partnerskapsavtale med Vestland fylkeskommune, LO Vestland og NHO Vestlandet for fleire

læreplassar i kommunane og privat næringsliv. Gjennom avtalen vil partane samordna innsatsen slik at vi aukar tal læreplassar i Sogn og rekrutterer fagarbeidarar til verksemdene i regionen.

## B. Høgare utdanning

Høgskulen på Vestlandet er ein regional utviklingsaktør. Høgskulen utdannar studentar mot offentleg og privat sektor. Dei fleste studentane vert rekrutterte utanfor fylket, og mange blir verande etter fullført utdanning. Høgskulen er viktig også fordi den tilbyr etter- og vidareutdanning og fleire masterprogram. Det breie utdanningstilbodet skulen har er utvikla i nært samarbeid med nærings- og arbeidsliv og i samsvar med behova i regionen. Høgskulen tilfører regionen relevant kompetanse gjennom utdanning og forskning, som både offentleg og privat sektor etterspør.

Utover at Høgskulen kan sjåast på som leverandør av arbeidskraft, kan den også sjåast på som del av ei kunnskapsnæring som er i vekst. Med utviklinga av Campus Sogndal har regionen ei samlokalisering av kunnskaps-, forskings- og kompetansemiljø. Sogn har her eit fortrinn, og som bør nyttast for vidare utvikling av sogneregionen.

Sogn regionråd kan medverke til at tilbodet ved høgskulen er i tråd med kompetansebehova i arbeidslivet. Regionrådet vil vidareføre samarbeidet med høgskulen.

### **Strategiar**

Stå samla om å utvikla dei vidaregåande skulane regionen har i dag.

Medverka til at tilbodet ved vidaregåande opplæring og høgskulen sikrar næringsliv og offentlege verksemder sine kompetansebehov.

Delta i samarbeidet for kompetanseutvikling i arbeidslivet.

Partnerskap med NHO, LO og fylkeskommunen for fleire læreplassar for arbeids- og næringsliv i Sogn.

## Barnehage- og skuleutvikling

Kommunane i Sogn regionråd deltek i det regionale utviklingsprogrammet for barnehage- og skuleutvikling *System for styrka læring*. Utviklingsprogrammet har eitt hovudmål: Auka læringsutbytte for alle, gjennom styrka tilpassa opplæring og redusert bruk av spesialundervisning.

Det niårig programmet starta i 2013 og held fram til utgangen av 2021. Arbeidet med å utforme forslag til vidareføring av barnehage- og skulesamarbeid starta hausten 2020.

### **Strategi**

Kommunane samarbeider om barnehage- og skuleutvikling og vurderer i løpet av 2021 vidareføring av samarbeidet

## 4.3 Næringsutvikling

Samfunnet er i endring. Region- og kommunereforma legg opp til at regionane skal ha ei tydelegare rolle i samspelet mellom fylke og kommunar i nærings- og samfunnsutviklingsarbeidet. Ei god arbeidsplassutvikling i Sogn er heilt avgjerande for busetjing og som grunnlag for folketalsutviklinga. Regionrådet vil gjera sitt for å betra rammevilkåra for busetjing og næringsliv i regionen gjennom langsiktig arbeid med regionale satsingsområde og utviklingsprosjekt.

Smart spesialisering er metode for regional næringspolitikk som tek utgangspunkt i regionen sine sterke næringer eller spesialiseringar. Utifrå desse, finna fram til og utvikla nye nisjar for næringsutvikling der regionen kan bli konkurransedyktig og prioritera utvikling av og rundt moglege nye nisjar og næringsområde.

Smart spesialisering inneber å byggja på næringer som Sogn er sterk på for å skape vekst og bør nyttast i regionalt fellesprosjekt innan næringsutvikling.

### **Delmål**

Nyetableringar og vekst i eksisterande private og offentlege verksemder i regionen der vi byggjer på det vi er sterke og gode på

Regionen skal ha eit samhandlande og koordinert næringsapparat



## Grøn næringsutvikling

Marknadane for fornybar energi, reinare produkt og grøn teknologi er i vekst. Vi har eit rikt ressursgrunnlag i Sogn. Vi vil arbeida for auka bruk av energiressursane lokalt «kortreist energi», som gjer bruk av dagens energioverskot. Det er i dag eit energioverskot som går ut av regionen og som gir eit stort energitap i overføringsnett. Det er i tillegg store energiressursar som ikkje blir nytta i kommunane i Sogn, men som blir overførde til Vestland fylkeskommune, ca 350-400 GwH. Bruken av denne energien og auka bruk lokalt kan vera med å trekke til oss ny aktivitet og sikre vekst og utvikling i vår region.

Det er eit potensiale for vekst i nye og eksisterande verksemder som tek del i det grønne skiftet. Den landbaserte industrien er viktig for verdiskapinga i fylket, ikkje berre i industribedriftene, men også for verdiskapinga i dei bedriftene som leverer varer og tenester til industrien. Blant desse finn vi også tenesteytande kunnskapsbedrifter.

Norge skal kutte klimagassutslepp med opp mot 40 prosent innan 2030 og bli eit lågutsleppssamfunn i 2050. Næringslivet må ta i bruk ny teknologi for auka lønsemd og redusert klimaavtrykk.

Regionen kan jobba saman for å sikre at dei viktige næringane i vår region som sysselsett flest (prosessindustri, el-produksjon, anna industri, landbruk) i enno større grad enn til no samarbeider. Å auka samhandlinga i regionen om kompetanseutvikling og innovasjon, vil sikra læring og kunnskapsutveksling på alle nivå. Regionen kan saman byggja nettverk og møteplassar for deling av kunnskap og sjå moglegheiter på tvers. Kommunane kan i eit regionalt samarbeid leggja til rette for samarbeid og kunnskapsbygging mellom næringslivet, kommunane, kunnskapsmiljø og verkemiddelapparatet. Samhandling om arealbruk som understøttar nærings- og utviklingsarbeidet kan vera aktuelt samarbeidsområde for kommunane.

Det ligg moglegheiter innan det grønne skiftet. Omstilling og nye grønne næringer handler også ofte om fornybar energi og er avhengig av gode tilgang på fornybar kraft. Rammevilkåra må sikrast for vidare vekst i næringslivet.

Regionen har ein sterk posisjon nasjonalt innan frukt og bær. Dette er ei næring i vekst som sikrar eit aktivt landbruk og styrkar matforsyninga i Norge. Miljøa i Sogn ser på auka samarbeid og nye satsingar som regionrådet stiller seg bak og ønskjer å sikra gode rammevilkår for framover.

### **Strategi**

Arbeida for auka bruk av energiresursane lokalt for å sikra verdiskaping i eigen region.

Leggja til rette for at næringsnettverket og bedriftene samarbeider og byggjer kunnskap om moglegheiter innanfor det grønne skiftet.

Styrka grønt-sektoren i regionen gjennom gode rammevilkår og tilrettelegging.

## Offentlege arbeidsplassar

Statleg lokaliseringpolitikk er ein del av regionalpolitikken og eit direkte verkemiddel som regjeringa rår over for å påverka den regionale balansen.

Dei statlege og fylkeskommunale arbeidsplassane er viktige for arbeidsmarknaden i heile regionen. Endringar i statlege og offentlege arbeidsplassar har store konsekvensar for regionen. Reformar i det offentlege, frå avbyråkratisering- og effektivitetsreform til regionreform, gjer at desse er meir utsette enn før. Endringane utfordrar vår region. Erfaringane er at flytting eller nyetablering av statlege arbeidsplassar utanfor Oslo og dei andre større byane er krevjande. Det er sterke motkrefter, politisk og administrativt. Vi bør arbeida på regionnivå for å sikre eksisterande verksemder og få nye arbeidsplassar.

Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar (8.11.2019) inneheld mål og prosedyre- og vurderingskrav. Endringane inneber mellom anna at avgjerd om lokalisering blir tekne av departementet og løfta på politisk nivå, statlege etatar i Oslo-området som er under reorganisering skal vurderast å flyttast ut, kommunar og fylkeskommunar som kan bli påverka av reorganisering og det blir stilt tydelegare krav til etaten sine utgreiingar av lokaliseringspolitiske omsyn når det bli teke initiativ til reorganisering.

### **Strategi**

Medverka for å styrke og vidareutvikla dei statlege og regionale offentlege arbeidsplassane i Sogn.

Byggja politisk og administrativ kunnskap og kapasitet til å drive påverknadsarbeid og strategiutvikling.

## Reiseliv

Reiselivsnæringa er verdast største og raskast veksande næring. Før covid-19-pandemien frå mars 2020 hadde sogneregionen ein solid auke i talet tilreisande og sesongen var utvida til sju månader.

Visit Sognefjord AS driv internasjonal og nasjonal marknadsføring og er pådrivar for produktutvikling og kompetanseheving i regionen. Selskapet arbeider for auka lønnsemd for reiselivsnæringa i Sogn.

Sogn regionråd si rolle vil vera å forankre langsiktige mål og strategiar for reiselivsutviklinga og halda fram med å støtta opp om Visit Sognefjord som regional utviklings- og marknadsføringskanal. Kommunane sitt ansvar er å tilretteleggja for kommunal infrastruktur og fellesgode som kjem både tilreisande og fastbuande til gode. Samhandlinga med dei lokale ressursgruppene (med næringa og Visit Sognefjord) er viktig for å planleggja, utvikla og gjennomføra lokal produktutvikling. Kommunane har også ei viktig vertskapsrolle for å sikre infrastrukturen, samtidig bidra til å gjennomføre utviklingsprosjekt. Det er behov for å samordna den regionale og kommunale innsatsen for å fremja Sognefjorden som reisemål.

Det regionale perspektivet er avgjerande for å lukkast i reiselivet. Regionrådet må framleis medverka til å styrka Visit Sognefjord som verktøy for reisemålsutviklinga slik at regionen får fleire heilårsarbeidsplassar.

Masterplan for reisemålet Sognefjord 2021-2033 vil innehalde strategiar og innsatsområde for reisemålsutviklingsarbeidet i Sogn. Planperioden varer fram til juni 2021. Kvalifisering for merke som berekraftig reisemål vart gjort samstundes. Rådet si pådrivarrolle for samferdsleutbetringar, infrastruktur og andre relevante innsatsområde i masterplan er viktig for utviklinga innan reiselivet.

### **Strategi**

Støtte destinasjonsselskapet Visit Sognefjord AS som verktøy for reisemålsutvikling i regionen.

Medverka til å samordne og styrke den regionale innsatsen for å fremje Sognefjorden som reisemål.

Pådrivar for betre samferdsle.

## Teknologi og digitalisering

Industrien er ei stor næring i regionen. Kompetanse og evne til å ta i bruk ny teknologi blir viktig for næringslivet for å kunne oppretthalda konkurransekrafta og utnytta moglegeheitsbilete framover. Regionen har nokre av dei fremste teknologimiljøa i landet. Å få industri- og teknologibedriftene til å finne kvarandre i eit tett samarbeid om utveksling og utvikling av ny teknologi, vil vera bra for heile Sogn. Regionrådet ser det som interessant å vidareutvikla denne klynga.

SITEP AS er etablert for å styrke satsinga på teknologi og digitalisering. SITEP (Senter for Innovasjon Teknologi og Prosess) er arena for teknologiutvikling, forskning, innovasjon, opplæring og kunnskapsdeling for bedrifter, utdanningsinstitusjonar, næringsorganisasjonar og det offentlege verkemiddelapparatet. Selskapet er knytta til den nasjonale katapultsatsinga for å styrka innovasjonsevna for bedriftene. Det skal utviklast sterkare nettverk og klynger i industrien gjennom å skapa aktivitet og møteplassar for deling av kunnskap og erfaring, skape felles kompetansetiltak og etablere fellesprosjekt. Det vil bli lagt til rette for fleire FoU-prosjekt i næringslivet for å auka kompetansen i bedriftene.

I teknologisenteret til SITEP skal bedrifter frå heile regionen, og landet, kunne få ta del i programmet. Det er eit stort potensial for meir samarbeid i regionen og knyta fleire aktørar til dette programmet.

### **Strategi**

Bidra til at Sogn vert leiande i det 4. industrielle skiftet, og tek i bruk ny teknologi og digitalisering for å skapa konkurransekraft.

## 4.4 Samferdsle

Utbetring av infrastruktur er viktig for styrka regionen som felles bu-, arbeids- og serviceregion, og for å lukkast med næringsutvikling. Vi har to hovudområde:

1. Infrastruktur ut av regionen
2. Felles bu- og arbeidsmarknad

### **Delmål**

Næringsliv og innbyggjarar skal ha god infrastruktur.

Reisetida til regionsenteret skal vera maksimalt 45 minutt.





Sogn regionråd har vedteke ein samferdsleplan for 2020-2023 som inneheld overordna rammer, milepælar, mål og prioriterte samferdsleløyningar. Planen vil få eit vedlegg med kommunane sine vegprioriteringar basert på tilbakemeldingar frå kommunane. Handlingsplanen blir rullert årleg.

Planen får fram kva samferdsleløyningar som regionrådet prioriterer. Arbeidet med å betra samferdsleløyningane i og ut av regionen er eit langsiktig og krevjande arbeid. Samstundes vil felles prioriteringar kunne gjera det enklare å få realisert samferdsleprosjekta.

Samferdsleplanen legg grunnlag for Sogn regionråd sine fråsegner til nasjonal transportplan og regional transportplan. Regionen må halda fram med å vera aktive overfor stat og fylkeskommune og slik styrka regionen sine samferdsleinteresser. Å byggja alliansar og samarbeide med naboregionar og næringslivet gjer det også meir sannsynleg at samferdsleprosjekt i vår region vinn fram i dei nasjonale og fylkeskommunale prioriteringane.

### **Strategi**

Gjennomføra samferdsleplanen for Sogn regionråd 2020-2023



Sogn regionråd  
Postboks 153, 6851 Sogndal  
Telefon: 57 65 25 60  
E-post: [postmottak@sogndal.kommune.no](mailto:postmottak@sogndal.kommune.no)  
[www.sogn.regionraad.no](http://www.sogn.regionraad.no)



Aurland  
kommune



Høyanger  
kommune



Luster  
kommune



Lærdal  
kommune



Sogndal  
kommune



Vik  
kommune



Årdal  
kommune